

Njøs – opphavsgard og forsøksgard



Njøs er ein av dei fem eldste gardane på Leikanger. Tydinga av namnet Njøs er usikkert. Garden vart delt i Nedre og Øvre Njøs langt bak i tid. Dei gamle klyngetuna, ein gardsstruktur med røter i mellomalderen, låg på Nedre Njøs og Øvre Njøs. På Nedre Njøs ligg framleis klyngetunet intakt. På Øvre Njøs låg tunet der driftsbygningane på Njøs frukt- og børsenter ligg no. Herifrå er det god utsikt over fjorden og bygda, og det har tidlegare lege gravminne frå jernalderen i dette området. Njøs fekk eiga steinkyrkje før 1250 og hadde eigen prest til ut på 1500-talet. Dei siste kyrkemurane vart rivne i 1883, men spora etter kyrkja ligg framleis under dyrka mark ved Stoppelshaug.

Staten grunnla Noregs første forsøksgard for fruktdyrking på Njøs i 1920. Her vart det drive forskning på frukt og bær samanhengande fram til 2007, då verksemda vart flytt til Hardanger. Landbruksklyngja Njøs frukt- og børsenter, Norsk landbruksrådgiving Sogn og Fjordane og Njøs næringsutvikling AS arbeider med sortsutvikling og produksjonsutvikling, feltforsøk og konsulentoppdrag på frukt og bær.

På Njøs er det gjort samanhengande observasjonar av blomstring i frukt og bær sidan tidleg på 1920-talet. Det er utført meteorologiske observasjonar samanhengande sidan 1929, ein måleserie det knapt finst maken til andre stader.

Av viktige sortar som er utvikla på Njøs kan nemnast bringebæret Veten, jordbæret Glima, eplet Idunn, plomma Edda og pæra Celina. Du kan lese meir om frukt- og børsortar frå Njøs på www.fruktsorter.no.



NJØS – ANCIENT FARM AND MODEL FARM

Njøs is one of the five largest farms in Leikanger. The meaning of the name Njøs is unknown. The old cluster hamlet, a farm structure with roots dating from the middle ages, lay at Upper Njøs, where Njøs fruit and berry centre's agricultural buildings are now placed. You have a great overview of the fjord and village from this place. Tombstones from the Iron Age have been uncovered in this area.

The people of Njøs used to have their own stone church, built before 1250, and had their own priest until the 1500s. The last church walls were torn down in 1883, but traces of the church still exist underneath the cultivated land at Stoppelshaug.

The state founded Norway's first model farm for fruit cultivation at Njøs in 1920. Research on fruit and berry cultivation was carried out until 2007, when the company was moved to Hardanger. Today, an agricultural cluster comprising Njøs fruit and berry centre, Norwegian Agricultural Extension Service Sogn og Fjordane, and Njøs Næringsutvikling (business development) work with variety and production development, field trials, and consultancy services on fruit and berries.

At Njøs, coherent observations of fruit and berry flowering have been carried out from the early 1920s on. Meteorological observations have been conducted coherently since 1929, a continuous series of measurements hardly seen anywhere else.

Important cultivars that have been developed at Njøs include the raspberry Glime, the apple Idunn, the plum Edda, and the pear Celina.

- 1 Gjerde
- 2 Det gamle gardstunet
- 3 Forsøksgard
- 4 Stoppelshaug



Systrond sogelag



Leikanger kommune

Andre språk - meir informasjon / Other languages - more information: www.systrondsogelag.no • www.leikanger.kommune.no • www.opplevleikanger.no

Informasjonstavla er laga i eit samarbeid mellom Systrond Sogelag og Opplev Leikanger med støtte frå Leikanger kommune, Sparebankstiftinga og Gjensidigestiftinga. • Layout: IHP as - Leikanger